



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
40/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.04.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Knut Trefall	FA-N02, FA-Q37, HistSak-18/1258	21/346

DETALJREGULERING FOR DALE KOLLEKTIVHALDEPLASS, PLANID 4628-2021002 - HANDSAMING FOR HØYRING OG UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Vedlegg:

Føresegn, datert 24.03.2023

Plankart_4628_2021002, datert 24.03.2023

Planskildring Dale kollektivhaldeplass, datert 24.03.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §5-2 og §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass, med planID 4628-2021002, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt til høyring i minimum seks veker frå kunngjering/utsending. Plankart, føresegn og planomtale er datert 24.03.2023.

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-2018002 oppheva.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 40/2023

FPØ - Behandling:

Einingsleiar Stian Reime svarte på spørsmål frå formannskapet i saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §5-2 og §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass, med planID 4628-2021002, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt til høyring i minimum seks veker frå kunngjering/utsending. Plankart, føresegn og planomtale er datert 24.03.2023.

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-2018002 oppheva.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Kommunedirektøren legg fram forslag til detaljregulering for Dale kollektivterminal for utlegging til høyring og offentleg ettersyn. Detaljreguleringa er utarbeidd av kommunen, som har engasjert Rambøll som konsulent.

Det ligg føre ein reguleringsplan for kollektivløysing i Dalseidvegen som har vore for kostbar å realisere. Med bakgrunn i utfordringa vedtok formannskap, plan og økonomiutvalet i sak 20/2021, 09. mars 2021, oppstart av regulering av ei ny kollektivløysing som enklare lar seg gjennomført økonomisk.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for eit samla kollektivpunkt for skuletransport, regionale og kommunale bussruter, samt parkeringsplassar som kan nyttast til hente- og bringefunksjonar og besøkjande til skulen/symjehallen. Hensikten er å auke trafikktryggleiken ved å samle busshaldeplassane til eitt område med ei sentral plassering. Dette vil avlaste dei tronge gatene i sentrum av Dale, og gjere det meir attraktivt å nytte busstilbodet.

Kommunedirektøren tilrår planutvalet å gjere vedtak om å leggja planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn.

Bakgrunn for saka

Planforslaget

Planforslaget som skal handsamast er ein detaljreguleringsplan og består av.

- Plankart i målestokk 1:1000, datert 24.03.2023
- Føresegn, datert 24.03.2023
- Planomtale med vedlagt ROS analyse og merknadsskjema for oppstart, datert 24.03.2023

Endeleg vedteke plankart og reguleringsføresegn vil vere planen sine juridiske dokument jf. Pbl. § 12-4. Planomtalen inneheldt ein beskriving av planforslaget og verknadane av det.

Planområdet

Planområdet utgjer om lag 4,9 daa, ligg i Dale sentrum og omfattar område langs Dalseidvegen og Lauvgardsvegen, sjå figur under. Området følger Dalseidvegen frå Konsul Jepsens gate i sør, til nordleg del av Dale barne- og ungdomsskule i nord. Austleg del av planområdet er sett ved inngangen til skuleplassen langs Lauvgardsvegen, og kollektivhaldeplassen for bussoppstilling er lokalisert midt i planområdet der dei to vegane møter kvarande. Plangrensa er justert i høve til tidlegare vedteken plan for Dale kollektivterminal og tar no for seg mindre areal av skuleområdet og areala i nord, og er utvida noko i sør- austleg retning.



Figur: Planområdet T.v. og planforslaget T.h.

Beskriving av planforslaget

Kollektivhaldeplassen, o_KH, ligg langs nordleg side av Lauvgardsvegen mot barne- og ungdomsskulen og skal bli opparbeidd i form av ein kantstopp, som er ein haldeplass der bussen stopper i vegbana. Kantstopp skal nyttast til av- og påstiging for bussar i rute, og det er ikkje tillat med regulering/lengre stopp. Kjem det fleire bussar kan desse stilla seg opp langs fortau, o_FO2, aust i Lauvgardsvegen. Planforslaget opnar for leskur innanfor føremålet forutsett at det vert tilgjengeleg gangsoner framfor skuret. Det er også mogleg med sykkelparkering innanfor føremålet dersom det ikkje er til hinder for gåande eller for frisikta i krysset.

Det skal bli etablert fortau langs Dalseidvegen, både nord og sør for krysset mot Lauvgardsvegen. Det skal også bli etablert fortau langs nordsida av Lauvgardsvegn mellom kryss mot Dalseidvegen og fram til inngongen mot skuleplassen. Planforslaget sikrar at det kan bli etablert opphøgde fotgjengarfelt i Lauvgardsvegen (o_KV2) ved krysset mot Dalseidvegen (o_KV1).

Mellom Dalseidvegen, o_KV1, og fortau, o_FO1, skal det bli etablert inntil 9 langsgående parkeringsplassar. Hente/bringefunksjonen til skulen er vurdert til å eigna seg langs enden av Skulegata, aust for skulen, slik at skuleborna ikkje treng å krysse Dalseidvegen. Parkeringsplassen langs Dalseidvegen kan også nyttast til dette.


Nord for kollektivhaldeplassen ligg Dale barne- og ungdomsskule der eit areal i gjeldande reguleringsplan (plan 1984002) var regulert til vegføremål. Planforslaget endrar dette arealet til undervisningsføremål (o_UN). Eksisterande støyskjerm mellom skulen og Dalseidvegen er tatt med i

plankartet og sikra i føresegna.

Bustadareal i sørleg del av planområdet mot Konsul Jepsensgata (gnr/bnr. 22/589 og 22/680) er regulert til bustad/forretning (BKB), som er ei vidareføring av føremålet. Sør i Lauvgardsvegen er delar av eit bustadføremål (B) tatt med.

Kollektivtrafikk

Skulebussar har i dag stopp langs Lauvgardsvegen, medan rutebussar stoggar på ein mellombels terminal ved Heradshuset på Dale. Ny kollektivhaldeplass vil endre køyremønsteret, sjå figur under.



Figuren T.v. er eit kartutsnitt frå vegvesen.no som syner køyremønster for bussar med haldeplass ved Heradshuset (raud linje), skuleruter med stopp langs Lauvgardsvegen (grøn linje), og plangrense (svart linje). Figuren T.h. er eit karutsnitt frå Norgeskart som syner køyremønster for bussar etter ny kollektivhaldeplass.

Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande plan, 1251-2018002, legg opp til kollektivterminal langs Dalseidvegen vest for skulebygget, sjå nærare beskriving i planomtalen kap. 1.5. Med bakgrunn i utfordringar knytt til byggjekostnadar for realisering av reguleringsplanen vedtok formannskapet, plan og økonomiutvalet i sak 20/2021, 09. mars 2021, oppstart av regulering av ei ny kollektivløyning som enklare lar seg gjennomført økonomisk.

Plan 1251-2018002 vert oppheva ved vedtak av Detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass som no vert lagt fram for fyrstegongs handsaming.

Forhold til overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal set av det aktuelle området sett av til sentrumsføremål og offentleg/privat tenesteyting. Kommuneplanen legg til rette for sentral plassering av kollektivknutepunkt for å redusere byspreiing, transportbehov og klimagassutslepp.

Eit hovudmål er at kommunen skal ha ein meir berekraftig bruk av transportsystemet i 2030 enn i dag, med delmål som er knytt opp mot målpunkt som trafikktryggleik, vekst med minimal auke i transporttetterspurnad og auka kollektivandel. At alle skuleborn skal ha ein trygg skuleveg er eit av delmåla.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har eit delmål om å ha trygge og utviklande oppvekstvilkår for born og unge. Ein viktig strategi er å ha trygg ferdsle mellom viktige funksjonar i kvardagen.

Trafikktryggingssplan oppgjev fleire tiltak kommunen skal arbeida for som støtter opp under

reguleringsplanarbeidet. I kommunen sin *Prioriteringsliste over fysiske trafikktryggingstiltak 2022-2025* er kollektivhaldeplass ved Dale skule sett under kategorien «høg prioritet».

Eigedomstilhøve og merknadar til planoppstart

Området har fleire heimelshavarar. Vaksdal kommune er heimelshavar for den største delen av området i tillegg til nokre private eigedomar. Planforslaget har konsekvensar for fleire private eigedomar, sjå planomtalen kap. 6.13.

Varsel om oppstart vart publisert i lokalavisa 08.04.21, offentlege instansar, naboar og andre interessentar vart varsla per brev, og frist for innspel vart sett til 29.04.2021.

I samband med varsel om planoppstart kom det inn 7 merknadar frå:

- Statsforvaltaren i Vestland, 29.04.21
- Vestland fylkeskommune, 29.04.21
- Statens vegvesen, 28.04.21
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 23.04.21
- Bane NOR, 21.04.21
- Håvar Berge Gbnr 22/589, 09.08.21
- Sveinung Hesjedal, for bebruarane i Lauvgardsvegen 2A og 2B Gbnr 22/557

Merknadane er oppsummert og kommentert av forslagsstillar, sjå planomtalen kap. 8.1.

Formelt grunnlag

I medhald av plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10 vert framlegg til detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, med planID 4628-2021002, lagt ut til offentlig ettersyn og sendt til høyring.

Vurdering og konsekvensar

Konsekvensutgreiing

Viser til kapittel 1.6 i planomtalen om vurderingar om krav om konsekvensutgreiing. Det er vurdert at tiltaket ikkje fell under kriteria som utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Forhold til overordna planar

Det vert vurdert at planforslaget støtter opp om målsetjingane i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel. Planforslaget legg til rette for ny transportinfrastruktur som vil gje urbane kvalitetar og positiv utvikling knytt til næring og bustad. Etablering av fortau og nye kryssingsmoglegheiter aukar trafikktryggleiken i området og gjer at skuleborna får ein trygg skuleveg.

Trafikk og mjuke trafikantar

Planforslaget legg til rette for kollektivhaldeplass og parkeringsplassar som kan påverke dagens trafikksituasjon.

Planforslaget regulerer parkeringsmoglegheit (o_PP) langs Dalseidvegen som kan føre til auka trafikk langs Dalseidvegen, men også redusert køyring i andre sentrumsnære gater. Strekingen er oversiktleg med låg fartsgrense og gjer det mogleg med inn og utkøyring til parkeringsplassane.

Regulering av den nye kollektivterminal (o_KH) vil føre til endra køyremønster for bussar samanlikna

med dagens situasjon. Etablering av fortau langs Dalseidvegen og Lauvgardsvegen (o_FO1-4) vil betra trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Planframlegget opnar for etablering av leskur på kollektivhaldeplassen forutsett at det vert gangsoner i framkant av skuret. Situasjonar med mange som ventar på bussen ved leskuret kan føre til konflikt mellom ventande og mjuke trafikantar. Det er ikkje fortau eller kryssingspunkt langs Lauvgardsvegen i sør. For å betre tilgangen til kollektivhaldeplassen sikrar planforslaget at det kan bli etablert opphøgde fotgjengarfelt i Lauvgardsvegen (o_KV2) ved krysset mot Dalseidvegen (o_KV1).

Universell utforming

Etablering av fortau, ledelinjer på kollektivhaldeplassen og nedsenka kantstein ved avkøyrslar vil betra universelle situasjonen i området.

Folkehelse

Betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar og sentral plassering av kollektivknutepunkt reduserer transportbehov og styrkjer grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange, og har fleire positive verknadar på klima og folkehelsa.

Økonomi

Økonomiske konsekvensar vert relevant i ein seinare fase knytt til gjennomføring. Fordeling av kostnader mellom Vestland fylkeskommune v/Skyss og Statens vegvesen og kommunen er ikkje avklara.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova § 8 seier at det skal føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag når det vert fatta offentlege slutningar som rører naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg og nærare vurderingar etter naturmangfaldlova er ikkje naudsynt då ingen naturverdiar vert rørt av planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor reguleringsplanområdet. Det er registrert kulturminne utanfor planområdet som ikkje vil bli påverka av planforslaget.

Born og unge sine oppvekstvilkår

Kollektivhaldeplassen er plassert slik at skuleborna kan gå direkte frå kantstopp/plattform til skuleplassen. Tiltaka forbetrar born sin tilgjengelegheit og legg til rette for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Eksisterande støyskjerm er tatt med i planforslaget og støytilhøva vert vurdert som tilstrekkeleg.

Konklusjon

Det vert vurdert at detaljreguleringsplanen er eit positivt tiltak som vil sikre sentrumsnær plassering av kollektivtransporten, og betre og tryggare ferdslar for mjuke trafikantar.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren planutvalet å gjere vedtak om å leggja planforslaget for detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass, planID 4628-2021002 på høyring og offentlig ettersyn. Minstefrist etter Plan- og bygningslova er 6 veker høyringsfrist.